



Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1181 - 19/12411

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

03.06.2019

Søknad om bygging landbruksveg - Naustvegen på Gbnr. 43/7 Ryland i Meland kommune

Tiltak: Bygging av landbruksveg på ca. 99 meter i vegklasse 7.

Gbnr: 43/7

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 26.06.2019

Meland kommune har motteke søknad frå Bjarte J. Skinntveit om å få byggje ein landbruksveg på Ryland. Det vert søkt om å få byggje ein veg i vegklasse 7 på ca. 99 meter. Vegen skal nyttast i samband med jordbruk, skogbruk og gardsturisme på garden. Vegen har 100 % landbruksformål.

Bygginga av vegen vil vere eit viktig tiltak på garden for å betre tilkomsten både til jordbruksareal og skogen. Det er ikkje vegtilkomst til skogen på denne delen av eigedomen i dag. Søkjar driv også med tursime/utleige basert på garden, og utleige av båt og fiske. Vegtilkomsten vil gje lettare tilkomst til naust og vere til ein fordel for denne delen av drifta. Søkjar ynskjer å byggje ein veg som kan gje betre tilkomst til jordbruks- og skogareal, det må i dag køyrast over innmarka for å komme til skogen.

Bygging av vegen vil gjere tilgangen til eigen skog lettare og enklare utan å risikere køyreskader på innmarka. Betre vegtilkomst vil samstundes gjere det enklare å kunne drive jorda og gje lettare tilkomst for utleige. Landbruket og skogbruket krev stadig store maskiner, og i eit vått klima er det viktig med god vegtilkomst. Vegar kan redusera køyring på innmark og difor redusera køyreskader og jordpakking. Vidare er god vegtilkomst viktig for å kunne driva meir rasjonelt og økonomisk skog- og jordbruk.

Etter for skrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, kap. 3, vedtak og villkår mv § 3- 1, skal kommunen før eit vedtak fattast innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før saka vert handsama. Saka vert sendt Hordaland fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sendar også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale då det er skogbruksinteresser i vegen jf. § 3 i landbruksvegforskrifta.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlagt følger søknaden, kart med planlagtvegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Søknad om bygging av landbruksveg - Naustvegen
Kart

Kopi til:

Bjarte Jostein Skintveit	Rosslandsvegen 1240	5917	ROSSLAND
--------------------------	------------------------	------	----------

Mottakere:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hordaland Fylkeskommune - kultur og idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne			